


1996

# ÅRSMELDING FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK





# ÅRSMELDING FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK 1996

## INNLEIING

1996 vart eit nytt år med planlegging. VØR har vyer om å bygge opp ei god avfallshandtering for alle fraksjonar. VØR har også i vedtak frå 1995 sagt seg villig til å gå i fremste rekke når det gjeld handsaming av våtorganisk avfall. Det som står att er å få eigarkommunane med på planane, og det rakk vi ikkje i 1996. Konsekvensen av at det dryg ut med dette viktige vedtaket, er at vi tok fram att arbeidet med sorteringsanlegget for grovavfallet; eit prosjekt som har lege på is i påvente av den store saka. Ein kjem attende til dette seinare i meldinga.

1996 vart, trass få konkrete endringar, eit godt arbeidsår, og vi vonar at resultatata kjem fram i 1997.

## AKTIVITETEN I VØR

### Hushaldning- / forretningsavfall

Innsamlinga av avfall frå hushaldningane går stort sett greitt. Vi har ikkje hatt nemneverdige vanskar med utstyr og anlegg. Vi arbeidde ein god del med å få forretningskundane til å nytte dunkar framfor sekkar for å redusere talet på tunge løft. Vi har fått gode tilbakemeldingar for dei som nyttar dette systemet, så her er det eit potensiale til å gjere kvardagen enklare og meir rasjonell for dei tilsette.

Det er ein god tilvekst i talet på abonnentar, og nye byggefelt dukkar opp. Det har vore positiv innstilling til å ta dette inn i daglege rutiner utan at det har ført til trong for auka kapasitet. Når det gjeld innsamla mengder så syner ein til seinare avsnitt.

### Papirinnsamling

Voldingar og ørstingar er flinke til å sortere papp og papir. Vi har stort sett god sortering, men framleis er det problem med drikkekartongar. Frå januar 96 kunne desse leverast saman med papiret, men forutsetninga er at dei er skylde, bretta og plasserte i ein eigen pose som forenkler utsorteringa. Tilbakemeldingane vi får frå Norsk Gjenvinning er at det er mange enkle kartongar og at dei er dårleg vaska. VØR må ut med betre informasjon, og Norsk Returkartong er villege til å bli med på ein informasjonskampanje om dette.

Det som VØR må få gjort noko med er omlastinga og transporten mellom VØR og Ålesund. Vi betalte nær 185.000,- kroner i leigetransport på 740 tonn papir som gir ein tonnpris på 250,- kroner pr. tonn. Dersom vi legg om til vogntog vil vi kunne redusere denne tonnprisen til omlag 150,- kroner pr. tonn.

«Papirrekneskapen» syner at VØR sparte ca. 90.000,- kroner i 1996 ved å sortere ut papiret (alternativet vert å levere det til Grautneset til brenning). Innsamlinga løner seg altså trass det at vi i heile 96 betalte 150,- kroner pr. tonn for å få levere papiret i Ålesund. Frå februar 97 auka denne prisen til 300,- pr. tonn, og dersom vi ikkje kan rasjonalisere på drifta vil gevinsten gå mot null i løpet av 1997.



## Glasinnsamling

VØR leverte to lass med glas til Norsk Glassgjenvinning i 1996. Potensialet er truleg endå større, men 1996 vart eit «toppår» for glas med ei tredobling i høve til året før. Sist vi leverte så store mengder var i 1992, og då med 44 tonn mot no 49 tonn. Vi har fått noko trekk på kvalitet, men den siste leveransen vart godkjend.

## Kvitevarer

Også i 1996 vart alle kvitevarer leverte til Vartdal Gjenvinning. Det vert arbeidd med nye ordningar sentralt, der alle kuldemøblar og elektronikkapparat skal leverast til sentrale anlegg på Austlandet. Dette vil føre til ein kostnad på omlag 400,- kroner pr. kuldemøbel som må dekkjast av kunden, eller gjennom gebyra. Ein har kanskje grunn til å frykta at ei slik omlegging på nytt vil føre til «uønska lokale løysingar». VØR har ikkje gjennomført avtapping av KFK-gassar i 1996.

## Grovavfall

Det er grovavfallet som har teke det meste av tida ein har sett av til prosjektering i 96. Ein har vore rundt i landet og sett på ulike løysingar for sortering av grovavfall, og med ein del eigen erfaringar så enda dette opp i eit anlegg der ein har lagt vekt på å få alle aktivitetane innomhus. Dette er gjort først og fremst pga av omsyn til abonnentane og den som skal arbeide med sorteringa av grovavfallet, men også på grunn av innsynet til anlegget vårt. Vi vil også få garasje plass til renovasjonsbilane. VØR starta prosjekteringa med hjelp av arkitekt og fagkonsulentar, og bygget går ut på anbod i mars 97. Det er pr. i dag noko usikkert om kostnadskalkylene held, og ein har i dette prosjektet teke atterhald om fullfinansiering.

Grunnen til at VØR satsar spesielt på dette med grovavfall, er at dispensasjonen frå Fylkesmannen krev full sortering av grovavfallet. Dette kravet gjeld får 1.1. 97 og det hastar med å kome igang.

VØR må også arbeide med leverandørane av grovavfallet, for notata frå dei tilseier at nær alt grovavfallet dei leverer er tilfredsstillande sortert. I praksis veit vi at dette ikkje stemmer, og dette må strammast inn vesentleg.

Vør hadde også i 1996 ei runde med konteinrarar i distrikta, og denne ordninga er svært godt motteken. Vi bør truleg legge om rutinene slik at vi i 97 når ut i begge kommunane på vårhalvåret.

## Matavfall

Når det gjeld problematikken rundt matavfallet (våtorganisk avfall) så er det framleis fleire spørsmål enn svar. Som nemnt tidlegare har VØR eit vedtak som går på å bygge eit anaerobt anlegg for denne fraksjonen. Dette er ein teknologi som vil sikre ei god handsaming av dette avfallet.



Andre utprøvde metodar som kompostering og forproduksjon har hatt store vanskar og til dels er det sett ned forbod med matrestar t.d. i dyrefor. Dette har ført til at forbrenning på nytt er i vinden, og det vert spanande å fylgje utviklinga i dette.

Heimekompostering er lite utbreidd hjå oss, og vi snakkar framleis om under 1 % av abonnentane som har avtale med VØR om denne ordninga.

## Slam

Det vart gjennomført ei ny tømerunde på slammet i 1996. Denne gjekk føre seg utan noko problem. Når det gjeld deponiet vårt så er det fullt, og vi må finne løysingar som gjer at vi kan få køyrt ut noko av dette slammet; om ikkje anna enn til dekke på fyllingar og vegskråningar.

## Spesialavfall

Ørdninga med Skvett'n held fram, og fungerer noko lunde. Det syner seg at dei utplasserte konteinarane krev ein del vedlikehald, og det er spesielt dørene som er dårleg festa. Vi må også «friske» opp avtalen med dei lokale mottaka (bensinstasjonane) for vi har eit inntrykk av at tilsynet med konteinarane er mangelfullt.

Totalt handterte VØR vel 44 tonn med spesialavfall i 1996. Det som er kritikkverdig her er at all handsaming skjer utandørs, og lagringa vert dermed noko tilfeldig. Dette vert retta på når/dersom vi får nybygget på plass i 1997.

## PROSJEKTARBEID

Statusen på det anaerobe anlegget er at saka vart sendt over til kommunane like over nyåret. Det tok si tid før administrasjonen tok tak i dette, men etter initiativ frå ordførarane vart det teke kontakt med omliggande kommunar for å lufter planane vi har, og om det er mogleg med eit samarbeid på levering til anlegget.

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (Ulstein, Hareid, Herøy, Sande) takka nei til eit slikt samarbeid, medan vi framleis ikkje har fått tilbakemelding frå Nordfjordkommunane. Prosjektet ligg altså i påvente av kommunale vedtak.

## Registrering

VØR nyttar framleis mykje tid til å oppgradere abonnementslistene. Dette er eit møysomelig arbeid som skal gjerast i tillegg til alt det andre, men vi er nær ferdige med Ørsta ved utgangen av året. Vi bygg opp ei eiga «kundedatabase» som er basert på dataprogrammet VEGA, og vi vonar at dette skal bli eit som m.a. vil kunne betre servicen monaleg.



## Avfallsplan / Forskrifter

VØR har vore sentral i arbeidet med avfallsplan og nye renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta kommunar. Arbeidet har teke lang tid, men vonar at begge desse «prosjekta» er klare til årsskiftet 97/98.

## PERSONALSTODA


VØR har også i 1996 hatt ein stabil arbeidsstokk som er innstilt på å gjere ein god jobb. Det er pr i dag fast tilsett 14,2 stillingar fast, men med tillegg av ein god del ekstrahjelper. Det syner seg at VØR har noko høgt korttids sjukefråvær, og vi må arbeide vidare med tiltak som kan redusere dette. I samarbeid med bedriftshelsetenesta vart det gjennomført ein grundig spørjeundersøking om trivsel og miljø mellom dei som arbeider i VØR. Styret kom også etterkvart med i prosessen, og ein konkluderte m. a. med at VØR er eit selskap i stor omveltning, og det må nyttast ressursar på kommunikasjon, rutiner og instruksar internt i VØR. Ei n vonar at dette vil føre til at omstillinga og belastninga for den einskilde ikkje vert for stor. Styret signaliserte at dei vil gå aklvt inn i dette arbeidet i 1997. VØR har i 1996 bode dei tilsette subsidierte kurs til kl.2 sertifikat og maskinførarbevis. To av dei tilsette nytta tilbodet til å ta førarkort for vogntog



## INNSAMLING MENGDER 1996


### Avfall til brenning

Vi har hatt ein auke på 7 % på avfall som er leverte til brenning. Det er vanskeleg å finne ein forklaring på dette utanom at næringslivet går stadig betre, men ein auke på 289 tonn i høve til 1995 bør kanskje få oss til å tenke på dette med forbruk, gjenbruk osv. Av tabellane som syner leverte mengder til forbrenningsanlegget, så er det Volda og Ørsta som har den største prosentvise auken av alle kommunane (gjennomsnittet ligg på 3,8 %).



### FORRETNINGS-AVFALL


Denne framstillinga syner mengda av avfall som vert levert utanom den innsamlinga VØR står føre. Dette er avfall frå forretningar og bedrifter. Auken her er på heile 82 tonn, eller 11,8%, i høve til dei tala vi har for 1995.





## Papp og papir

Innsamlinga av papp og papir går greitt, og vi har ein liten auke på papir frå husstandane på 3 %, medan vi på papp/papir frå næringane (for Norsk Gjenvinning) er auken på 12,6%.




## Glas Kvitevarer Landbruksplast

Vi tok til att med leveringar av glas til gjenvinning i 1995. Det er eit stykke igjen til vi er opp på 1992-nivå, men utviklinga er god.

Mengda av kvitevarer gjekk ned med 8 tonn (7%) i høve til året før, og må forklarast som naturlege svingingar.


Det vart ikkje levert landbruksplast frå VØR i 1996.






## Spesialavfall

Mengdene innanfor dei ulike gruppene varierer frå år til år. Totalt sett så handterte VØR 44,1 tonn spesialavfall irekna bilbatteri og spillolje.



## Spillolje


Mengda for 1996 auka med 18% i høve til 1995. Vi må rekne med at mengda vil stabilisere seg rundt 10.000 liter pr. år. (1994 tal skuldast «storaksjonen» i distrikta der mykje gamalt kom fram frå lager).





## Bilbatteri

Auken i mengda av blyakkumulatorar var på 5,1%. Ein har grunn for å tru at det meste av bilbatteri som vert kasserte kjem innom mottaket til VØR; også frå bensinstasjonar og verkastadar. Vi ser dessverre framleis at enkelte nyttar høvet til å levere batteri i grovavfallet, og med omlegging av motaket vil vi no kunne gå attende til leverandøren med informasjon.




## Grovavfall

Auken i registrert mengde grovavfall er svært stor. Dette skuldast av vi i 1996 har ført statistikk også over privatleveringar. Ein må vere merksam på her at det registrerte talet er leverte mengder før komprimering i hola. Dette fører til at det er svært mykje «luft» som er registrert. Spesielt gjeld dette frå fåt eige mottak, der vi ikkje har hatt utstyr til å presse avfallet saman i konteinararne. Traktoren vår er for lett, og han når ikkje ned i konteinarane. Dette har resultert i ein for høg transportkostnad mellom VØR og Alida.

Når det gjeld det avfallet som vert levert frå næringslivet, så har vi problem med å få registrert dette på rett kategori. Vi deler grovavfallet i *sortert* og *usortert*, med det syner seg at under 10% er registrert som usortert. Dette stemmer dårleg med det vi ser i praksis, og vi har stramma inn rutine for dei som leverer grovavfall direkte til deponiet.

Vi har også tilbakemeldingar på at eitt av transportfirmaene ikkje informerer sine kundar om kravet til sortering, og dette strid med den avtalen som gjeld.

Vedkomande firma har fått skriftleg varsel om stopp i leveransane dersom ein ikkje fyl opp avtalane.





## REKNESKAP FOR 1996

Inntektene for 1996 vart som budsjettert, og vi passerte for første gong 14 millionar kroner i «omsetning».

Årsresultatet for 1996 syner eit overskot på 400.247 kroner. I seg sjølv eit bra resultat, men skuldast i hovudsak at ein har ståande nær 3 mill. kroner i ubrukt lånekapital, og dermed vert rentekostnader og nedskrivning reduserte.

Det må framleis arbeidast for å betre likviditeten i VØR, og ein må tidleg inn å planleggje nyinvesteringar for å kunne sette av midlar på fond. I framlegget til budsjett for 1997 er det igjen ny lånemidlar, og gebyret vert «berga» av låg rente.

Rekneskapan syner at VØR leiger inn transporttenester for nær 900.000,- kroner (når ein held slammet utanfor, og ein bør inn å sjå om ein kan spare noko ved å ta over delar av dette sjølv.

Ein har valgt å skrive ned heile lånet som vart teke opp i samband med utgreiinga av det anaerobe anlegget. Dette har vi gjort p.g.a at eit eventuelt vedtak vil dryge såpass mykje ut i tid at prisar og forutsetningar vil endre seg vesentleg. Verdien av det arbeidet som er gjort vil dermed raskt avta. Avskrivninga er forholdsvis fordelt på slam og hushald / forretningsgebyra.

Syner elles til vedlagde rekneskap.



Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

RESULTATREKNESKAP 01.01 - 31.12	note	1996	1995
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntekter av varer og tenester		14.008.855	11.529.882
Tilskot		0	11.452
Andre driftsinntekter		<u>10.500</u>	<u>19.278</u>
Sum driftsinntekter		<u>14.019.355</u>	<u>11.560.612</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Forbruk av selde varer		368.020	430.388
Personalkostnader		3.831.733	3.418.310
Driftskostnader		7.552.438	5.511.599
Ordinære avskrivningar	5	<u>1.345.900</u>	<u>1.334.382</u>
Sum driftskostnader		<u>13.098.091</u>	<u>10.694.679</u>
Driftsresultat		<u>921.264</u>	<u>865.933</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		(32.523)	(17.868)
Rentekostnader		<u>553.540</u>	<u>513.899</u>
Netto finansinntekter		<u>521.017</u>	<u>496.031</u>
<b>Årets resultat</b>		<u>400.247</u>	<u>369.902</u>
<b>Oppskrivningar og overføringer</b>			
Tilført kapitalkonto		<u>400.247</u>	<u>369.902</u>




Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

BALANSE PR. 31. DESEMBER	note	1996	1995
<b>EIGNELUTER</b>			
<b>Omlaupsmiddel</b>			
Bank- og postgiroinnskot	1	202.038	413.855
Kundekrav	2	996.526	728.614
Andre kortsiktige krav	3	1.545.373	479.675
Lager av varer for sal	4	54.854	46.800
Sum omlaupsmiddel		<u>2.798.791</u>	<u>1.668.944</u>
<b>Anleggsmiddel</b>			
Transportmiddel	5	2.235.068	2.694.396
Gravemaskin / Traktor	5	277.599	107.001
Komprimatorstasjon	5	4.236.190	4.442.692
Andre anlegg	5	946.443	1.182.902
Tomter	5	2.654.373	2.360.727
Sum anleggsmiddel		<u>10.349.673</u>	<u>10.787.718</u>
Sum eigneluter		<u>13.148.464</u>	<u>12.456.662</u>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandører		407.417	375.098
Kassakreditt		108.865	0
Skattetrekk og arbeidsgjevaravgift til Folketrygda		262.505	212.825
Skyldig meirverdi og investeringsavgift		266.939	261.374
Påkomne, ikkje forfalne løner & feriepengar		308.697	307.124
Anna kortsiktig gjeld		369.597	188.970
Sum kortsiktig gjeld		<u>1.724.020</u>	<u>1.345.391</u>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Lån		9.218.150	9.305.224
Sum langsiktig gjeld		<u>9.218.150</u>	<u>9.305.224</u>
<b>Eigenkapital</b>			
Eigenkapital		1.724.939	1.324.692
Fond til slamhandsaming		481.355	481.355
Sum eigenkapital		<u>2.206.294</u>	<u>1.806.047</u>
Sum gjeld og eigenkapital		<u>13.148.464</u>	<u>12.456.662</u>
Trygd	6	9.327.015	9.305.224

Hovdebygda, den 30.04.1997

  
Geir Hole

  
Ove Lid

  
Magnar Lid

  
Kjetil Årøen  
driftsleiar

  
Ingrid T. Opedal

Jorunn Austrheim



## Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

### Notar til rekneskapen for 1996.

#### 1) Bankinnskot.

Av bankinnskota er kr. 202.038 bunde innskot for skattetrekk.

#### 2) Kundekrav.

Kundekrav er oppført til pålydande. Det er ikkje venta tap i kundekrava.

#### 3) Andre kortsiktige krav.

Kr. 33.800 gjeld lån til tilsette. Resten er påkomne, ikkje fakturerte inntekter frå eigarkommunane.

#### 4) Varelager.

Varelageret er ført opp til innkjøpskost. Det er ikkje ukurante varer på lager.

5) Avskrivbare driftsmiddel	Transport utstyr:	Grave-maskin:	Traktor:	Komprimatorstasjon:	Andre anlegg:
Anskaff. kost 01.01.1996:	4.256.365	160.500	-	5.232.506	2.586.670
Tilgang 1996:	-	-	248.263	289.735	269.857
Kostpris 31.12.1996:	4.256.365	160.500	248.263	5.522.241	2.856.527
Samla avskrivningar pr. 31.12.1996:	2.021.297	106.335	24.829	1.286.051	1.910.084
Bokført verdi 31.12.1996:	2.235.068	54.165	223.434	4.236.190	946.443
Avskrivningar i året:	459.328	52.836	24.829	302.591	506.316
Satsar nytta for lineær avskrivning:	10 %	49,4%	10%	6,6 %	12,5-66 %

Anskaffelseskost for komprimatorstasjonen er pr. 01.01.1996 minka med kr. 193.646, som er anskaffelseskost for tomta til stasjonen. Tomtekostnaden er ført over til konto for tomter.

Nokre av avskrivningsattsane er auka i høve til året før. Dette er gjort etter ny vurdering av den økonomiske levetida til driftsmidlane.

#### 6) Trygd for lån.

Av selskapet si samla gjeld er kr. 9.327.015 sikra ved garantiar frå Volda og Ørsta kommunar.



# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til Representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk

6160 HOVDEBYGDA

## REVISJONSMELDING FOR 1996

Vi har revidert årsoppgjeret for Volda og Ørsta reinhaldsverk for 1996. Årsoppgjeret som består av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og notar er utarbeidd av verksemda sin daglege leiar/rekneskapsfører.

Oppgåva vår er å granske verksemda sitt årsoppgjer, rekneskap og handsaminga av verksemda sine tilhøve elles.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har sett på som naudsynte for å stadfeste at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnmaterialet som bygger opp om rekneskapspostane, vurdert rekneskapsprinsippa og dei skjønsmessige vurderingane som er gjort av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjeret.

Årsrekneskapen syner eit årsoverskot på kr 400.247,- , gjort opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

Larsnes, 20. mai 1997

  
Jostein Støylen  
revisjonssjef

\*\*\*\*\*